

# ÅRSMELDING 2010



Visjonen vår:

Vi vernar verdier

## Innholdsliste

Direktør .....	4
Lotteritilsynet .....	6
Statistikk pengespel .....	10
Stiftelsestilsynet .....	18
Statistikk stiftelsar .....	22
Momskompensasjon .....	24
Stab og støtte .....	26
Ny kunnskap .....	28
Inn i nye lokale .....	30
Rekneskap .....	32
Organisering .....	33



Direktør Atle Hamar i nye lokale i Storehagen Atrium. Det er lagt stor vekt på fargar, materialval og design i bygningen som husar offentlege etatar i Førde.

## Fullt fart på momskompensasjon

Ordninga med momskompensasjon til frivillige lag og foreningar skaut fart i 2010. Ordninga vart utvida til både varer og tenester, slik at 392 millionar kroner vart fordelt til 670 søkjarar som tilfredsstilte krava. Alt i 2011 vil summen som skal fordelast passere ein halv milliard kroner.

I tillegg fordelte Lotteri- og stiftelsestilsynet 50 millionar kroner til kompensasjon for meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg. Som eit resultat av dei aukande arbeidsoppgåvene vart momsteamet bygt ut til fem tilsette. Dei har gjort ein svært god jobb både som utgreiande organ for Kulturdepartementet, og i arbeidet med å informere om, og gjennomføre, den utvida ordninga med momskompensasjon.

Stiftelsestilsynet kom i 2010 til eit punkt der talet på tilsynssaker måtte reduserast vesentleg. Før årsskiftet vart fleire hundre opne tilsynssaker lagde bort fordi det ikkje er ressursar til å jobbe vidare med dei. Tilbake sit tilsynsteamet med eit tal saker som er handterleg. Vi må prioritere dei største sakene og saker som er prinsipielt viktige.

Etter at Stiftelsestilsynet har vore i drift i seks år, må vi slå fast at vi ikkje har lykkast få på plass finansiering

som set tilsynet i stand til å gå tungt inn i mange saker vi burde sett nærare på. Men slik ressursituasjonen er, krevst det svært tøff prioritering av tilsynssakene. For vi slepp sjølv sagt ikkje unna dei lovpålagde forvaltningsoppgåvene som uansett krev ressursar.

I Lotteritilsynet stod arbeidet med betalingsforbodet sentralt i 2010. Det er første gongen eit land på denne måten prøver å regulere deltaking i pengespel som ikkje har løyve til å operere her i landet. Bankar og finans-

institusjonar følgde lojal opp forskrifta som vart sett ut i livet i juni. Som venta fann både spelarar og aktørar vegar utanom dei vanlege betalingskanalane. Ordninga medførte også for ein skilde utslakta betalingsproblem for andre tenester i utlandet, noko som fekk brei dekning i media. Betalingsforbodet vil bli nøyare evaluert i løpet av 2011.

Lotteritilsynet har god kontroll på ulovleg marknads-

føring av pengespel innanlands. Men samstundes er det problematisk at utanlandske speleoperatorar i stadig større grad når den norske marknaden gjennom TV-kanalar som sender frå utlandet – det vil i praksis seie England. Her strekk ikkje det norske lovverket til.

Sett frå Lotteritilsynets synsstad er det kvalitet i arbeidet til begge dei to statlege operatørane Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Saman med tilsynet har Norsk Tipping starta arbeidet med å modernisere kontrollen av alle pengespela i selskapets portefølje. Her er målet å gå over frå kontroll av produksjonen til etterhandskontroll. Samstundes vil tilsynet kunne gjere samtidskontroll etter behov. Som eit resultat av dette vart det i 2010 vedteke å avvike Lotteritilsynets avdeling på Hamar i takt med innføring av meir revisjonskontroll.

Også i 2010 kunne Lotteri- og stiftelsestilsynet bidra til auka kunnskap om områda vi skal forvalte og kontrollere. Undersøkinga "Uskyldig moro?" som NOVA laga for oss, kartla omfanget av problem blant ungdom både når det gjeld pengespel og dataspel. Her vart det gjort eit svært gledeleg funn. Sidan 2003 er omfanget av alvorlege pengespelproblem blant norske ungdomar redusert med to tredjedelar. Forklaringa er at dei omstridde gevinstautomatane i mellomtida forsvann frå marknaden. Så her fekk vi eit handfast døme på at regulering av ein marknad gir ein positiv effekt.

Lotteri- og stiftelsestilsynet bidrog både økonomisk og på andre måtar i ei kartlegging som Institutt for samfunnsforskning gjorde av såkalla utdelingsstiftelsar. Her var konklusjonen at denne tredjedelen av dei norske stiftelsane årleg tilfører kultur, forskning og veldedigheit over ein milliard kroner. Det er eit synleg og godt døme på at stiftelsar tilfører ressursar til viktige funksjonar i samfunnet.

2010 var også året då Lotteri- og stiftelsestilsynet sa farvel til lokala som hadde husa oss i ti år i Naustedalsvegen. I september flytta vi inn i Storehagen Atrium som er ein ny bygning sentralt i Førde. Her er det lagt vekt på moderne løysingar når det gjeld arkitektur og materialval, og ikkje minst fargar og design. Vi har kort og godt fått lokala som er så gode som det kan og skal vere – også i eit statleg tilsyn og direktorat.



Atle Hamar – direktør

## Betalingsforbod og ulovlege automatar

Lotteritilsynet fekk ansvaret for oppfølging av forbodet mot å overføre pengar mellom norske finansinstitusjonar og utanlandske speloperatorar. Forbodet mot slike transaksjonar er heimla i ei forskrift som vart sett ut i livet 1. juni i 2010, og føremålet var å avgrense tilgangen til pengespel som ikkje har løyve til å operere i Norge.

I alt er ca 250 bankar og andre finansinstitusjonar omfatta av forbodet. Reint praktisk vart dette gjennomført ved at bankane skulle stoppe alle overføringar til brukarstader i utlandet som nyttar koden som gjeld for pengespel (MCC 7995).

Finansinstitusjonane følgde lojalt opp forskrifta. Men styresmaktene var klar over at det fanst andre betalingskanalar som kunne nyttast av dei som likevel ville spele i utanlandske selskap via nettet. I tillegg dukka det opp nokre utilsikta effektar i utlandet der nordmenn ikkje fekk brukt betalingskort. Ein del verksemdar, som også hadde andre varer og tenester, brukte koden for pengespel.

Mot slutten av året starta arbeidet med ei førebels evaluering av effekten av betalingsforbodet. Konklusjonen var at 35 prosent av spelarane seier betalingsforbodet har gjort det vanskelegare å spele på nettet enn før. På sikt vil også forbodet venteleg ha effekt på nyrekruttering av spelarar. Mot slutten av 2011 skal ordninga evaluerast på nytt.

Våren 2010 kom dei første indikasjonane på at eit selskap med adresse i Tsjekia ønskte å utfordre det norske automatforbodet. Etter Lotteritilsynets meining er det heilt klart snakk om ulovlege utbetalingsautomatar, og den første dukka opp i Oslo før ferien. Utover hausten påviste Lotteritilsynet ulovlege automatar på til saman 15 stader, særleg i Hordaland og dei sentrale delane av Austlandet.

Lotteritilsynet reagerte raskt når automatane vart oppdaga, og i dei fleste tilfella vart lokalinnehavar politimeld for formidling av ulovlege penge-

spel. I nokre saker fjerna lokalinnehavaren automatane igjen, men i fem tilfelle enda det med at politiet beslagla automatar etter krav frå Lotteritilsynet.

Etter at det hadde vore relativt stille nokre år, kom det i 2010 ei oppblomstring av pyramideliknande system. I alt fekk Lotteritilsynet tips og førespurnader om nærare 30 slike system. Det ville vore for ressurskrevjande å gå tungt inn i alle slike saker, og i ein god del av tilfella er det snakk om døgnfluger. Men nokre av systema vart teke opp til vurdering, og seinhaustes vart konklusjonen at Wealth Masters International er ein ulovleg pyramide. Ved årsskiftet var ikkje saka avslutta.

KRIPOS sa i 2010 på kort varsel frå seg ansvaret for kontrollen av skrapelodd. Ei ny skrapeloddforskrift vart difor send ut høyring før det blir teke stilling til korleis den framtidige kontrollen av skrapelodd blir.

Stadig fleire lag og foreiningar sender no sine rekneskapsopplysningar til Lotteritilsynet via Altinn. I 2010 brukte 3244 Altinn til å sende oss slike opplysningar, det vil seie 67 pst av alle innkomne skjema. Dette er ei positiv utvikling. Dessutan er det no mogleg å rapportere møte- og lotteri elektronisk.

Lotteritilsynets team for statlege spel er involvert i revisjonen av kontroll som Norsk Tipping er i gang med. For Norsk Rikstotos del vart det gjennomført 17 tilsyn på baner utan at det vart funne avvik. Det vart derimot hjå kommisjonærar funne andelsspel som var i strid med spelereglane. Norsk Rikstoto ordna raskt opp i dette etter at regelbrotet var oppdaga.



Team spel og marknad  
f.v. Rakel Bruteig, Linda  
Vøllestad Westbye, Tore  
Bell, Jonny Engebo,  
Jesper Wiig og Silje  
Sægvog Amble.



Sindre Hauglum og Liv Røthe ved ein Multix-automat.



Nordisk direktørmøte på Svalbard. Fv. Håkan Hallstedt frå Sverige, Birgitte Sand frå Danmark, Atle Hamar og Jouni Laiho frå Finland.

## Eit hektisk bingo-år

Bingoområdet vart arbeidskrevjande for Lotteritilsynet i 2010.

Dei omdiskuterte bingoautomatane forsvann frå 1. april, noko som førte til ei oppblomstring på databingo som seinare er blitt ytterlegare regulert.

Men frå årsskiftet vart den nye bingo forskrifta sett ut i livet, eit tiltak med siktemål å føre meir omsetning tilbake til dei opphavlege hovudspela. Det høyrer med at forskrifta kom seint på hausten, noko som førte til at det vart hektisk for Lotteritilsynet på tampen av året.

Bingo har hatt ein sterk vekst siste åra, men først og fremst på sidespela. Omsetninga i bingo i 2010 er førebles utrekna til brutto 5,6 milliardar kroner. Talet på bingo-hallar nådde ca 230. Det er venta at den nye forskrifta vil føre til ein viss reduksjon i omsetning og i talet på bingo-hallar.





Lys og fargar er viktige element i Storehagen Atrium. Her sit Anne-Lise Bekjorden og Målfrid Kibsgaard.



Tre frå Lotteritilsynet i nye lokale. F.v. Målfrid Kibsgaard, Stig Årdal og Trine Levanger.

## Nordmenn satsa gjennomsnittleg 5100 kroner

Førebelse tal viser at det i 2010 vart omsett for brutto 25 milliardar kroner i den regulerde norske pengespelmarknaden. Tilsvarande tal året før var 22,5 milliardar <sup>1</sup>.

Auken skuldast hovudsakleg omsetningsauke i spel hos Norsk Tipping medrekna dei nye Multix-spela, forutan ein auke i brutto omsetning for entreprenørbingo.

På bakgrunn av estimatet for 2010 vil kvar innbyggjar, utan omsyn til alder, i gjennomsnitt ha satsa 5100 kroner på pengespel. Når gevinstante er trekte frå la nordmenn i 2010 igjen 8,7 milliardar kroner på pengespel. Dette utgjir 1800 kroner per innbyggjar.

Innsats og tap på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. Gjennom kvartalsvise målingar som Respons Analyse AS har utført for oss, kjem det fram at nærare 380 000 nordmenn spelte pengespel på Internett i 2010, og at ein god del av dei spelte på utanlandske nettstader.

Kor mykje av spel- og lotteriiinntektene som gjekk til humanitære og samfunnsnyttige formål i 2010, er enno ikkje kartlagt.

Tabellen på neste side viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er samla innsatsbeløp frå spelarane. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinst er utbetalt. Nettoen blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenør, operatør eller kommisjonær).

Norsk Tippings brutto omsetning for eigne spel, eksklusiv Multix, har auka med 3 prosent frå

2009. Omsetninga blei 10,3 milliardar kroner for vi reknar med omsetning på Multix (spel på terminalane).

På Multix vart det spelt for vel 3,5 milliardar. Auken for Multix heng saman med at 2010 er første året der mange terminalar har vore utplasserte gjennom eit heilt år. Ordinær utplassering tok til i 2009.

Norsk Rikstoto hadde ei brutto omsetning på nærare 3,7 milliardar kroner, og fekk med dette auka brutto omsetning med 1 prosent samanlikna med 2009. Talspelet Extra, som blir operert av Norsk Tipping, har hatt ein reduksjon i omsetninga på 2 prosent frå 2009.

Spel på norskregistrerte skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn har om lag same omsetning i 2010 som i 2009. Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord. Spelebord<sup>4</sup> er Black Jack og rulett. Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2010 for 469 millionar<sup>5</sup> om bord i desse skipa.

Det meste vart spelt på automatar, men 11 prosent vart satsa ved spelebord.

Tal for resten av marknaden er førebelse estimat der Lotteritilsynet har sett på eit utval innrapporterte rekneskapstal og løyve gitt i Lotteriregisteret. I tillegg har vi hatt kontakt med einskilde sentrale aktørar i marknaden.

Framhald side 13

1 Årsstatistikken for 2009, brutto omsetning korrigert for spel på skip.

2 Noregs Bank, Årsgjennomsnitt av midtkursar 2010: 8,0068

3 SSB, folkemengde 1. juli 2010: 4 887 958

4 Black Jack på alle seks skipa, rulett berre på to.

5 Brutto omsetning: Omsetning for automatar er beløpet som er putta på automatar av fysiske pengar og for spelebord er omsetning antall sjetongar som er kjøpt.

6 Talet for omsetning var feil i årsstatistikken for 2009. Her er talet korrigert.


## Spel- og lotterimarknaden 2010

	Millionar NOK		Millions EURO <sup>2</sup>	
	Brutto oms.	Netto oms.	Gross turnover	Expenditure
Norsk Tipping				
- egne spel, ekskl. Multix	10 293	4 805	1 286	600
- Multix	3 530	320	441	40
Norsk Rikstoto	3 667	1 205	458	150
Talspelet Extra	927	463	116	58
Lotteri (eksklusiv Flax) *	500	400	60	50
Bingo *	5 600	1 400	700	170
Spel på skip	469	90	59	11
<b>Totalt</b>	<b>25 000</b>	<b>8 700</b>	<b>3 120</b>	<b>1 080</b>
Per innbygger <sup>3</sup> (avrunda)				
Per capita	5 100	1 800	600	200


\* Estimert omsetning i NOK runda av til næraste 100 millionar, og i EURO til næraste 10 millionar.

## Spel- og lotteri – prosentvis del av omsetninga i 2010

Brutto omsetning 25 mrd



Netto omsetning 8,7 mrd



## Utvikling

	2009		2010		Endring	
	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.	Brutto oms.	Netto oms.
Norsk Tipping						
- egne spel, ekskl. Multix	9 960	4 621	10 293	4 805	3 %	4 %
- Multix	1 664	156	3 530	320	112 %	105 %
Norsk Rikstoto	3 625	1 186	3 667	1 205	1 %	2 %
Talspelet Extra	950	475	927	463	- 2 %	- 2 %
Lotteri (eksklusiv Flax) *	498	411	500	400	stabilit	
Bingo *	5 349	1 406	5 600	1 400	auke for brutto omsetning	
Spel på skip <sup>6</sup>	468	93	469	90	0 %	- 4 %
<b>Totalt *</b>	<b>22 515</b>	<b>8 350</b>	<b>25 000</b>	<b>8 700</b>	<b>11 %</b>	<b>4 %</b>

\* Omsetninga er estimert og avrunda til næraste hundre millionar for år 2010.

Forebelse berekningar viser at bingo med og utan entreprenør hadde ei samla brutto omsetning på om lag 5,6 milliardar kroner i 2010. Omsetning for databingo og bingoautomatar er medrekna i dette talet. Også i 2010 reknar vi med ein auke for entreprenørbingo, men auken gjeld for brutto omsetning. Auken skuldast meir spel på databingo og etablering av nye hallar også i 2010.

Etter at bingoautomatane vart fjerna 1. april 2010, har omsetninga auka sterkt for databingo. Databingo har hatt høgare gevinstprosent enn bingoautomatane og dermed reknar vi ikkje med at omsetning etter gevinstutbetaling aukar tilsvarende. Det er kome til i overkant av 20 nye bingohallar gjennom 2010.

I 2010 vart det gitt om lag like mange løyver til foreiningsbingo som i 2009. For andre lotteri reknar vi med ei stabil omsetning samanlikna med året før.

Lotteritilsynet får årleg gjennomført målingar om speleåttferd i befolkninga<sup>7</sup>. Målingane blir utført i juni og desember. Kvar gong blir 1000 personar 15 år og eldre spurde om deltaking i dei ulike spela.

Diagram på neste side viser at av Norsk Tipping sine spel er Lotto det spelet som flest har spelt

det siste året, og i overkant av halvparten av befolkninga. Færrast har spelt på Oddsen, Keno eller på Multix. I tillegg har i underkant av kvar femte nordmann spelt talspelet Extra i løpet av det siste året på undersøkingstidspunktet.

Blant Rikstoto sine hestespel er det flest som oppgir at dei har spelt spel som går ein gong i veka (V75 eller V65). Spel som kan spelast kvar løpsdag (V5, V4 eller Dagens Dobbel) eller enkeltløp (Vinner, Plass, Duo eller Trippel) er det færre som seier dei har spelt på.

Blant private spel og lotteri er det flest som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri.

Resultata frå desse målingane er jamt over stabile samanlikna med målingane vi fekk gjort for 2009.


Nedste diagram<sup>8</sup> på neste side syner skilnader for menn og kvinner.

Menn spelar oftare enn kvinner på Viking Lotto, Tipping, Oddsen, Multix, spela hos Rikstoto og på panteautomatar. Kvinner kjøper oftare enn menn andre skrapelodd enn Flax og Yezz forutan dei mindre lotteria.


<sup>7</sup> Respons Analyse AS utførte målingane for oss. Resultata må tolkast innfor feilmarginar på +/- 2 til 3 pst.

<sup>8</sup> Resultat frå både juni- og desembermålinga er slått saman slik at vi har data frå 987 menn og 1019 kvinner.

## Deltaking i norske lotteri - og pengespel 2010



## Kvinner og menn si deltaking i pengespel – 2010



# 380 000 spelte på nettet i 2010

For kvart år som går spelar fleire pengespel på nettet. Auken skjer mest for dei som spelar på nettstadene til Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.

I 2010 var det 378 000 nordmenn frå 18 år og oppover som spelte på Internett. Dette viser målingar som Respons Analyse AS har gjort for Lotteritilsynet. Talet utgjer 10,1 prosent av den vaksne befolkninga<sup>1</sup>.

For 2008 og 2009 berekna vi høvesvis 259 000 og 308 000 nettspelarar. Som i 2009 ser det ut til at auken først og fremst skjer på dei norske nettstadane. At dei norske nettstadene får fleire spelarar kan forklare at vi ikkje ser indikasjonar på auka nettspel på utanlandske nettsider. Ein annan faktor er sjølvstilt forbodet mot betalingsformidling som vart innført 1. juni 2010.

I målingane spør vi om folk spelar på Internett med PC eller mobiltelefon. Færrast seier at dei spelar med mobiltelefonen, og i 2010 utgjorde desse 1,1 prosent av befolkninga eller 11 prosent av nettspelarane.

Nettspelarar spelar både på norske og utanlandske nettstader, men fleire spelar på norske enn på utanlandske. I 2010 har fleirtalet, 55 prosent, svart at dei berre har spelt på dei norske nettstadane, 25 prosent at dei berre har spelt på utanlandske, og 19 prosent at dei har spelt både på norske og utanlandske nettstader.

På Norsk Tipping og Norsk Rikstoto sine nettsider vart det totalt satsa nærare 2,6 milliardar kroner i 2010. Dette utgjer ein auke på ein halv milliard eller 26 prosent frå 2009.

Det er vanskelegare å talfeste eksakt kor mykje som vert satsa på utanlandske nettstader, men vi estimerer omsetninga i 2010 til å utgjere om lag eller i underkant av 5 milliardar kroner.

På grunnlag av målingane i 2010 kan vi berekne at det totalt vart satsa<sup>2</sup> i overkant av 7 milliardar kroner over Internett [7,2 mrd]. Når vi kjenner til at det på dei norske nettstadene vart satsa nærare 2,6 milliardar vil utrekna beløp for spel på utanlandske nettstader utgjere i under-

kant av 5 milliardar [4,7 mrd]. Data som tala bygger på har store feilmargar, mellom anna fordi målingane omfattar mindre utval av nettspelarar<sup>3</sup>. Feilmargar er nærare omtalt i fotnote<sup>4</sup>.

## Nettspelarar er ofte yngre menn.

Resultata for 2010 viser at blant menn har 16 prosent spelt på nettet og blant kvinner 4 prosent. I aldersgruppa 18 til 29 år har 19 prosent spelt. I gruppa 30 til 44 år er andelen 13 prosent. I aldersgruppene 45 til 59 år og 60 år eller eldre er prosentane høvesvis 7 og 3.


I 2010 svarte 71 prosent av nettspelarane at dei hadde spelt talspel som t.d. Lotto i løpet av dei siste tre månadane på undersøkingstidspunktet. Dette har auka frå 59 pst i 2009. Ein del oppgir også å ha spelt poker, og i 2010 er andelen 21 prosent av nettspelarane. For sportsspel er prosentdelen auka litt, og utgjer for siste året 24 prosent. For hestespel er andelen 13 prosent.

Ein forholdsvis mindre del (10 pst) av nettspelarane oppgir å ha spelt på skrapelodd eller automatliknande spel (6 pst) eller andre kasinospel (5 pst). Færrast (2 pst) seier dei har spelt bingo.

Dei norske nettstadene er Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Ifølgje målingane spelte 71 pst av nettspelarane hos Norsk Tipping, medan 13 pst spelte hos Rikstoto. Blant dei spurde er det tre utanlandske nettstader der 10 pst eller fleire oppgir å ha spelt det siste året. Dette gjeld Unibet (15 pst%), Pokerstar (15 pst) og Betsson (11 pst).

I 2010 har 46 pst av spelarane sagt at dei spelar 13 gonger eller meir i kvartalet. Gjennomsnittet er 15,7 gonger eller i overkant av ein gong i veka. Når det gjeld innsats seier nærare halvparten, 46 prosent, at dei spelte for 100 kroner eller mindre siste gongen. Gjennomsnittet var 304 kroner.

## Kva slags spel har ein spelt dei siste tre månadane



1 Målingane vert utført kvart kvartal, der 1 000 personar 18 år og eldre vert spurt om dei har spelt pengespel over Internett i løpet av det siste året.

2 Dei spurde får spørsmål om kor mykje dei spelte for alt i alt (totalt innsatsbeløp) den siste gongen dei var pålogga og spelte minst eitt spel. Dei som spelte poker siste gongen har svart på kor mykje dei "tok med seg til bordet" dersom dei spelte "cash game", eller kva innsatsen var for å delta i eventuelle turneringar.

3 Små utval er mellom anna sårbar i høve til om forholdsvis få spelarar som spelar for større beløp blir fanga opp i representativ grad.

4 Andel nettspelarar er 10,1 % (N=4002), feilmargen 0,9 % (+/- 9 % i tal nettspelarar).

I 2010 har Respons Analyse også gjennomført to målingar ved bruk av nettpanel. Også i desse målingane er det spurt om kor ofte ein spelar og kor mykje ein spelar. Data frå desse målingane er slått saman med dei kvartalsvise for snittberekningar av innsats og frekvens. Snittal for gonger spelt i kvartalet 15,7 gonger (N=1404), feilmargen 1,1 gonger (+/- 7 % gonger spelt i kvartalet). Snittal for innsats siste gongen 304 kroner (N=1380), feilmargen 39 kroner (+/- 13 % innsats sistegongen). Utrekna beløp for samla innsats er 7,2 mrd.

## Trafikken på Hjelpelinja auka med 10 prosent

Etter to år med stabil trafikk på Hjelpelinja for speleavhengige, tok talet på samtaler seg noko opp igjen i 2010. Samtaler om oddsspel som hovudproblemspel har dobla seg samanlikna med 2009. Men framleis er poker det spelet som oftast er omtalt i samtalenene.

Lotteritilsynet samarbeider med Sykehuset Innlandet HF Sanderud om Hjelpelinja for speleavhengige. I 2010 hadde Hjelpelinja 1047 seriøse samtaler om speleproblem. 901 av desse handla om spelarar. Samtaler om spelarar har auka med 10 prosent frå året før.

Blant dei som ringde, eller vart omtalt ved Hjelpelinja om pengespelproblem i 2010, er

84 prosent menn. Snittalderen for menn er nær 35 år, og for kvinner i overkant av 43 år.

Poker er framleis det oftast omtalte pengespelet på Hjelpelinja, men talet på samtaler er redusert. I 2010 har vi registrert poker som hovudproblemspel i 141 førstegongs-samtaler. I 2009 og i 2008 var dette talet høvesvis 164 og 217.

Førstegongs-samtaler om oddsspel som det einaste eller mest problematiske spelet har auka til 134 i 2010. Tilsvarende tal for oddsspel i 2009 og 2008 var 66 for kvart av åra.

Bingospel (inkludert bingoautomatar og databingo) var nemnt i 91 førstegongs-samtaler i 2010. Kasinospel (inkludert speleautomatar på nett) og hestespel vart nemnt i høvesvis 75 og 58 samtaler.

Frå 2010 har Hjelpelinja registrert i kva grad

samtaler om oddsspel gjeld Norsk Tipping og i kva grad samtaler om hestespel gjeld Norsk Rikstoto. Når odds er nemnt som hovudproblemspel har 78 prosent sagt at det gjeld spel frå Norsk Tipping. Tilsvarende er det registrert i 91 prosent av samtalenene om hestespel at det blir spelt hos Norsk Rikstoto.

Fleire av problemspela blir spelt på Internett, og poker, kasinospel, oddsspel forutan hestespel blir forholdsvis ofte nemnt. I førstegongssamtaler om pengespel oppgir 59 prosent at hovudproblemspelet blir spelt frå PC heime. Ein spelar i tillegg eller i staden frå PC på arbeidsplassen (17 prosent). Færre nemner at det blir spelt frå mobiltelefon (1 prosent).

Hjelpelinja mottar også samtaler om dataspel som ikkje er pengespel. I 2010 har 219 samtaler handla om dataspel. I 2009 var talet 153. Mange av samtalenene handlar om rollespel (62 prosent) og ein del nemner action-/skytespel (22 prosent). Blant rollespela inngår World of Warcraft.

Samtaler om dataspel kjem oftast frå pårørande. I 95 prosent av samtalenene er spelaren mann, og snittalderen er i underkant av 18 år.





Trond Aspeland er dagleg leiar av Hjelpelinja.



Frå flyttesjauen 2010, Ulf Stockhaus, Berit U. Nedberge og Janne Kleiven.

## Hundrevis av saker lagde vekk

2010 vart eit år der tilsynsteamet i Stiftelsestilsynet måtte jobbe med svært knappe ressursar i høve til talet på innkomne tilsynssaker.

Resultatet vart at teamet mot slutten av året la vekk nærare 400 opne tilsynssaker, med stor risiko for dei involverte stiftelsane. I staden skal teamet konsentrere seg om eit tjuetals store saker som allereie var opna eller som er prinsipielt viktige tilsynssaker.

Ressursbehovet i Stiftelsestilsynet vart i 2010 nøkternt stipulert til 20 årsverk, og det vart sett i verk framlegg til forskriftsendring med sikte på endring av årsavgift og nyregistreringsgebyr. I framlegget vart det lagt opp til ei differensiering av gebyra slik at dei største betaler vesentleg meir enn dei minste.

Forskrifta vart ikkje endra, og resultatet var at Stiftelsestilsynet måtte redusere si bemanning. Målet var 16 årsverk i 2010, men vi nådde berre 15 og mot slutten av året var vi nede i 14. Sidan Team Forvaltning i stor grad jobbar med lovpålagde oppgåver, er det Team Tilsyn dei knappe ressursane først og fremst går ut over.

Difor var det ingen veg utanom å prioritere til dels svært hardt i tilsynsporteføljen. Resultatet var at ein del saker der det var mistanke om økonomisk kriminalitet vart lagde bort. Men ressursituasjonen gjer at det ikkje er kapasitet til å gjennomføre sikre vurderingar av om det ligg føre alvorlege lovbrøt eller ei.


Resultatet av dette igjen kan på sikt bli at Stiftelsestilsynet mottar færre revisorbrev og tips dersom det festnar seg eit inntrykk av at dei fleste slike saker ikkje fører til noko. Det er såleis grunn til å vere ottefull for utviklinga.

I 2010 kunne Stiftelsestilsynet offentleggjere resultatet av den første store stikkprøve-kontrollen. Slike kontrollar blir føreset i forarbeida til stiftelsesloven. Internkontrollen i 170 større stiftelsar vart kontrollert, og resultatet var alarmerande. Over 40 prosent hadde ikkje eit minimum av system for internkontroll (sjå eigen artikkel).

Rapporten om kontrollen førte til auka interesse for arbeidet i Stiftelsestilsynet frå mange hald. Det gjeld mellom anna frå revisorhald.

Team Forvaltning jobba godt i heile 2010 med ambisiøse mål om nedbygging gjennom effektivisering og forenkling for å få ned restansar i sakahandsaminga. Nøkkelen i så måte er å ha kontroll på ca 1500 saker som kjem inn til dette teamet. Året gjennom utvikla forvaltningsarbeidet seg positivt, og var også prega av risiko og vesentlegheit i arbeidet.

Forvaltningsteamet får også mange gode tilbakemeldingar om at stiftelsar og andre som tar kontakt er godt nøgde med servicen.



Bruer bind saman lokala i Storehagen Atrium. Lotteri- og stiftelses- tilsynet disponerer dei to øvste etasjane.

## Alarmerande funn i stor kontroll

Den første store stikkprøvekontrollen vart gjennomført i 170 stiftelsar med eigenkapital på mellom 10 og 100 millionar kroner. Dei aktuelle stiftelsane var utdelingsstiftelsar som anten hadde sosiale føremål eller utdanningsføremål. Kontrollen avslørte gjennomgåande altfor dårleg internkontroll.

Stiftelsesloven pålegg stiftelsane å ha eigenkontroll med forvaltning av verdiane i stiftelsane. Likevel avdekkja kontrollen at nær halvparten av dei kontrollerte stiftelsane mangla eit minimum av system for internkontroll.

### Stikkprøvekontrollen avdekkja blant anna følgjande:

- 94 prosent opplyste at dei hadde internkontroll
- 42 prosent hadde ikkje eit minimum av system for internkontroll
- 68 prosent heldt ikkje lovfastlagd frist for innsending av årsrekneskap til Rekneskapsregisteret

Ein tredjedel av dei kontrollerte stiftelsane mangla reglar eller rutinar for forvaltninga av stiftelsenes kapital. Blant dei som opplyste at dei hadde slike reglar og rutinar, var det berre 75 prosent som hadde nedfelt rutinane skriftleg. Opplysningane i stikkprøvekontrollen er gitt av stiftelsane sjølve. Stiftelsestilsynet har ikkje kon-

trollert om det ligg føre rutinar, og har difor heller ikkje vurdert kvaliteten på rutinane.

Stiftelsestilsynets kompetanse er avgrensa til å omfatte revisors oppfølging av dei plikter som ligg på revisor etter stiftelsesloven. Likevel vil Stiftelsestilsynet på bakgrunn av stikkprøvekontrollen understreke følgjande:

Det er grunn til å rekne med at det er ei betydeleg underrapportering av nummererte revisorbrev til Stiftelsestilsynet Revisor følgjer i liten eller ingen grad opp korvidt stiftelsar har internkontrollsystem og kvaliteten på desse

Mangelfull internkontroll i stiftelsar er i seg sjølv svært alvorleg fordi førstelinjekontrollen med stiftelsane si kapitalforvaltning då kan svikte. I tillegg ser vi at også andrelinjekontrollen, det vil seie revisor, i mange tilfelle sviktar. Det gjer mangelen på internkontroll endå meir alvorleg.

Begge desse faktorane gjer at Stiftelsestilsynets tilsynsoppgåver blir langt meir omfattande enn føresett ved opprettinga av tilsynet i 2005.



Stiftelsestilsynet i arbeid  
f.v. Terje Gjertsen, Per Ole  
Sollie, Tom S. B. Plünnecke  
og Marit Kolstad.



Britt Gundersen og  
Raghild Skår kosar  
seg i nye lokale.

## Kraftig vekst i tilført kapital

Det var ein kraftig vekst i kapitaltilførsle til norske stiftelsar i 2010. I alt vart det tilført vel 4,5 milliardar kroner i grunnkapital og anna kapital. Dette er fire milliardar kroner meir enn året før då den internasjonale finanskrisa påverka utviklinga.

Fram til no vart 2008 rekna som eit svært godt år med tanke på tilførsle av kapital til stiftelsane. Det året passerte summen ein milliard kroner og nådde nesten 1,2 milliard.

Det vart etablert sju nye stiftelsar med ein eigenkapital på over 100 millionar kroner i 2010, og alle var sparebankestiftelsar. Størst av dei var Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane med ein tilført kapital på over 1,7 milliard kroner.

Oppryddinga i stiftelses-Norge ser ut til å vere over toppen. Ved utgangen av 2010 var det registrert 8010 norske stiftelsar. Det kom til 191 nye

dette året, men samstundes vart 419 sletta.

Ein gjennomgang av rekneskapane i vel 7900 stiftelsar for 2009 viser eit vesentleg betre økonomisk resultat enn året før då finanskrisa påverka resultatet. Årsresultatet kom opp i 5,1 milliardar kroner, mens resultatet året før var minus 2,6 milliardar. Stiftelsane hadde i 2009 ein bokført eigenkapital på 62 milliardar kroner, og balanseførte verdier på 94 milliardar kroner.

Talet på tilsette i norske stiftelsar nådde i 2010 vel 34.000. I dette talet er ikkje medrekna tilsette i selskap som stiftelsane eig.

### Stiftelsar ved årsskiftet 2010/2011

	Tal
Antal pr. 1/1 2010	8 237
Tilgang og etterregistrering	191
Avgang 2010	418
Antal pr. 31/12 2010	8 010

### Næringsdrivande/alminnelege

Alminnelege stiftelsar	7 115
Næringsdrivande stiftelsar - registrert i Foretaksregisteret	895

### Registerkvalitet

100%

Vedtekter – 145 mangla	98,2%
Styre – 217 hadde ikkje registrerte medlemmer	97,3%
Revisor – 331 ikkje registrert	95,8%
Rekneskap 2008 – 103 har ikkje levert til Rekneskapsregisteret	98,7%


## Flest tilsette i 2010

Stiftelsens navn	Tal tilsette
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	1536
Stiftelsen Sintef, Trondheim	1203
Stiftelsen Kanvas, Oslo	1019
Stiftelsen Signo, Oslo	1000
Stiftelsen Handelshøyskolen BI, Oslo	800
Institutt for energiteknikk, Skedsmo	609
Stiftelsen Betanien, Bergen	530
Vappusbarnehagene, Bergen	530
Stiftelsen Kirkens sosialtjeneste, Oslo	305
Modum Bad - Gordon Johnsens Stiftelse	292

## Nyregistreringar over 100 millionar i 2010

Stiftelsens navn	Tilført kapital
Sparebankstiftelsen Jevnaker Lunner Nittedal	447.260.855
Sparebankstiftelsen Gran	489.112.863
Sparebankstiftelsen Ringerike	805.278.052
Sparebankstiftinga Fjaler	106.453.000
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	1.783.500.000
Sparebank1-stiftinga Kvinnherad	350.000.000
Sparebankstiftelsen Helgeland	280.000.000

## Tilført grunnkapital og anna kapital 2005–2010



## Over 13 000 fekk momskompensasjon

Ordninga med momskompensasjon vart i 2010 endra og vesentleg utvida. Gjennom ei ny ordning, regulert av eiga forskrift, var målet å nå ut til fleire lokale lag og foreiningar.

Dette målet vart nådd.

I alt vart det gjennom den ordinære momskompensasjonen for varer og tenester fordelt 396 millionar kroner til 670 søkjarar. Totalt kom det inn 867 søknader. I tillegg vart det fordelt 15 millionar kroner til 72 søkjarar i den nye ordninga som gjeld kompensasjon for momskostnader på idrettsanlegg som blir finansiert med spelemidlar.

Totalt vart det for den ordinære momskompensasjonen søkt om nærare 1,3 milliard kroner. Avkortinga vart i 2010 såleis 65 prosent.

Intensjonen om å nå fleire aktørar på lokalplanet med midlar vart nådd. Såleis gjekk over halvparten til det lokale nivået – heilt i tråd med målsetjinga med den nye forskrifta (sjå eigen artikkel).

I alt var det såleis 13 174 lag og organisasjonar som fekk tildelt momskompensasjon i 2010. Av dei var 11 771 i lokalledet.

Heile søknadsprosessen gjekk bra, men det var nødvendig å utsetje søknadsfristen frå 1. august til 1. september for å sikre at flest mogleg fekk sjansen til å søke. Dette vart ei utfordring for Lotteri- og stiftelsestilsynet som fekk kortare sakshandsamingstid. Men utbetalingane skjedde som planlagt 10. desember. Momsteamet utgjorde i 2010 fem stillingar i Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Frå aktørane i det frivillige Norge fekk tilsynet stort sett gode tilbakemeldingar på gjennomføringa av søknadsprosessen. I forkant av søknadsfristen vart det lagt vekt på å gi god informasjon til potensielle søkjarar. Det vart gjort gjennom informasjonsmøte i mange av dei største byane, ved informasjon på tilsynets nettsider og ved å vere tilgjengeleg på telefon. Det vart også nytta annonsar i over 80 aviser for å informere om mellom anna søknadsfrist.

Søknader vart i 2010 avvist på forskjellig grunnlag. Nokre var ikkje registrert i Frivillighetsregisteret, andre hadde for liten frivillig innsats

eller var for tett knytte til det offentlege til å vere aktuelle. Andre igjen hadde formelle manglar i søknaden.

Det kunne søkjast etter to modellar. Anten på grunnlag av faktisk betalt meirverdiavgift, eller ved at driftskostnader blir lagt til grunn i ein forenkla modell. 535 av søknadene var basert på den forenkla modellen – 135 valde å søkje på grunnlag av betalt meirverdiavgift.

Det var sett av 50 millionar kroner i potten til idrettsanlegg. Det var snakk om anlegg som var påbegynt etter 1. januar og avslutta innan søknadsfristen 15. oktober. Det kom difor stort sett berre søknader om mindre anlegg i 2010. I alt vart det søkt om kompensasjon for 18 millionar kroner, medan det vart godkjent og utbetalt 15 millionar kroner.

### Over halvparten til lokale og regionale


Momskompensasjonen fordelte seg i 2010 slik mellom dei forskjellige organisasjonsledda:

- 44 prosent vart utbetalt til lokalledet
- 12 prosent gjekk til regionalledet
- 25 prosent gjekk til einskildståande søknader
- 19 prosent gjekk til sentralledet

Dermed gjekk over halvparten til lag og organisasjon som driv lokalt og regionalt. Det var heilt i tråd med det som var målet med å endre og utvide momskompensasjonen.

For å sikre at pengane går vidare frå sentrale søkjarar, vart det saman med tildelingsbrevet sendt ein oversikt over kva for beløp som skulle vidarebetalast til det einskilde underledet. Statistikken viser at 11 771 lokale lag og foreiningar fekk momskompensasjon, medan talet var 733 for sentralledet.





Tre frå momsteamet i 2010 f.v. Van Dang, teamkoordinator Bjarne Hellem og Marion Lexau Nødset.



Helge Mikal Hope Byrkjeland, Silje Sægrov Amble og Jonny Engebø på veg inn i nye lokale hausten 2010

## Måtte drifte to stader

Teknologiteamet har den daglege drifta av serverrom, nettverk og kontrollsystem. Ei spesiell utfor-dring fekk teamet då Lotteri- og stiftelsestilsynet om hausten flytta til nye lokale. Resultatet var at vi ein periode måtte drifte to stader.

Teknologiteamet vart i 2010 så å seie ferdig med utviklinga av kontrollsystema for Norsk Tipping sine nye Multix-terminalar. Det er snakk om transaksjonskontroll der det ved årsskiftet framleis vart jobba med tekniske avklaringar i høve til Norsk Tipping.

Dessutan er teamet involvert i arbeidet med å førebu nye teknologiske trekningsplattformer både til tal- og sportsspel i Norsk Tipping.

Det vart også utvikla nytt kontrollsystem for Norsk Rikstoto sine totalisatorspel. Arbeidet vart nesten slutført i 2010. Dette utviklingsarbeidet er ein del av målet om å få meir styring og eigarskap med teknologi og utvikling ved at stadig fleire oppgåver blir utført av våre eigne fagfolk på it og teknologi.

## Nye nettsider i arbeid

Samfunnskontakt starta i 2010 arbeidet med neste generasjon heimesider for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Av ymse grunnar vil ikkje arbeidet bli slutført før i 2011, men mykje av grunnlaget vart lagt i 2010.

Mellom anna vart det teke ei avgjerd om at Lotteri- og stiftelsestilsynet i framtida skal bruke fire domenenamn. Det betyr at både Lotteritilsynet, Stiftelsestilsynet og momskompensasjon

får sine eigne heimesider som publikum kan gå direkte til. Det er i tråd med målet vi har sett oss om at alle som ønskjer informasjon skal finne det raskt på heimesidene våre.

I samband med at det i januar 2011 var ti år sidan Lotteritilsynet vart etablert i Førde, vart det hausten 2010 laga ei jubileumbok som var klar til jubileet. Interesserte vil finne lenk til boka på våre heimesider.



Jan Støfring t.v. slutta hausten 2010 som leiar av teknisk i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Han var med heilt frå starten i 2001. Kåre Eide t.h. tok mellombels over ansvaret.



Skilt designet i Storehagen Atrium har vekt internasjonal merksemd.

## Kraftig reduksjon i pengespelproblem

**Problematisk pengespeling er kraftig redusert blant norske ungdomar sidan 2002. Medan ein prosent av ungdomane i 2010 fylte kriteria som avhengige av pengespel, var tilsvarande tal 3,2 prosent i 2002.**

Dette gledelege resultatet kom fram i ei ny stor undersøking gjennomført av NOVA for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Tittelen på undersøkinga var «Uskyldig moro?». I alt deltok vel 8300 elevar ved 89 skular over heile landet i undersøkinga, som for første gong omfatta både ungdomens bruk av dataspel og pengespel.

Nedgangen i pengespelproblema skuldast regulering av gevinstautomatane som til slutt førde til at dei forsvann frå den norske marknaden i 2007. Av den grunn er det også ein merkbar nedgang i talet på ungdomar som deltar i pengespel. I 2002 oppgav 78,5 prosent av dei unge at dei deltok i pengespel i løpet av eit år – i 2010 var tilsvarande tal nede i 64,3 prosent.

Ein prosent av ungdomane fyller kriteria for pengespelavhengigheit. Dette utgjer 3800 ungdomar på landsbasis. I tillegg er ytterlegare 3,5 prosent i risikosona for å utvikle pengespelproblem.

Pengespeling er skeivfordelt: Ei lita gruppe står for mesteparten av spelinga. Denne gruppa har også i større grad speleproblem. Spel via internett er meir vanleg blant unge med speleproblem enn blant ungdom flest.

Av materialet går det også fram at over halvparten av ungdomane i 2010 har TV-spel på rommet sitt, og 81 prosent har PC på rommet. 63 prosent av jentene og 96 prosent av gutane oppgir at dei spelar dataspel minst ein gong i måneden. Undersøkinga viser også at ei relativt stor gruppe ungdomar er storforbrukarar av dataspel.

Undersøkinga viser at storforbruk, og særleg problematisk bruk av både pengespel og dataspel, har samanheng med ei rekkje negative faktorar i ungdomanes liv. Det gjeld blant anna liten grad av foreldrekontroll og innsyn i ungdomane sitt liv.

## Milliardbeløp blir delt ut

**Norske pengeutdelande stiftelsar tilfører gode formål milliardverdier kvart år. Det viser ein studie som Institutt for samfunnsforskning offentliggjorde i 2010.**

Undersøkinga munna ut i rapporten "Stiftelser i det moderne Norge", og omfatta dei ca 3300 store og små pengeutdelande stiftelsane her i landet. Oppdraget til kartlegginga vart gitt av Stiftelsesforeningen. Lotteri- og stiftelsestilsynet var blant initiativtakarane, og bidrog med midlar og kunnskap i prosjektet.

Det er hittil forska lite når det gjeld norske stiftelsar, men det kom fram mykje ny kunnskap i denne undersøkinga. I 2008 vart det delt ut 1,6 milliard kroner frå dei aktuelle stiftelsane, eit tal som fall til 1,1 milliard kroner året etter – som eit resultat av at finanskrisa påverka formuane i mange stiftelsar.

Undersøkinga viser også klart at det førebels er mange små og få store utdelingsstiftelsar her i landet. Rundt 60 prosent av desse stiftelsane

hadde ein eigenkapital på under ein million kroner. Under to prosent hadde ein eigenkapital på 50 millionar kroner eller meir.

«Stiftelser i det moderne Norge» avdekkja også at det finst ein god del passive stiftelsar blant dei alminnelege stiftelsane. Meir enn ein tredjedel av dei delte ikkje ut midlar i 2008 og 2009. Det kan finnast fleire forklaringar på dette. Til dømes kan overskotet rett og slett vere for lite, eller vedtekten er for dårleg tilpassa dagens forventningar.

Rundt 45 prosent av dei store og 40 prosent av dei små utdelingsstiftelsane har eit sosialt eller humanitært formål. Dei store stiftelsane skal i større grad støtte forskning og utdanning. Det er også dei største stiftelsane som har vedtektsfesta støtte til kulturformål.




# Uskyldig moro?

Pengespill og dataspill blant norske ungdommer

*Lars Roar Frøyland, Marianne Hansen,  
Mira Aaboen Sletten, Leila Torgersen & Tilmann von Soest*

RAPPORT  
NR 18/10



# Stiftelser i det moderne Norge

Line Dugstad og Håkon Lorentzen

RAPPORT 2010:9

Institutt for  
samfunnsforskning  
Institute for Social Research

SKNING OM OPPVEKST, VELFERD OG ALDRING



Storehagen Atrium hausten 2010.

## Inn i nye og flotte lokale

I september 2010 flytta Lotteri- og stiftelsestilsynet inn i nye og tidsmessige lokale i Storehagen Atrium som ligg svært sentralt i Førde.

I Storehagen Atrium er ein god del av dei offentlege arbeidsplassane i Førde samla. Forutan tilsynet gjeld det fylkeskommunen si kulturavdeling, BUF-etat, Konfliktrådet, Pasient- og brukarombodet – tillegg til tre mindre bankfilialar.

Då bygningen var klar til bruk flytta vel 140 tilsette inn. Lotteri- og stiftelsestilsynet er klart største leigetakar med vel 65 tilsette. Tilsynet disponerer store delar av dei to øvste etasjane i

Storehagen Atrium. Alle leigetakarane deler kantine og trimrom og i tillegg nokre møterom.

Bak bygningen står det lokale investorar. Det er lagt stor vekt på materialval og fargar, og design på skiltinga i bygningen har vekt interesse utanfor landets grenser.



Dette var våre lokale i Naustdalsvegen i 10 år.



Fasaden på Storehagen Atrium ut mot Storehagen.



Elegant utsmykking i vestibulen i første etasje.

## Rekneskapen 2010

### Utgifter Lotteri- og stiftelsestilsynet

#### Post 01 Driftsutgifter

Tildelt 2010	kr	64 014 000
Rekneskap 2010	kr	65 021 000
Meirutgift	kr	1 007 000

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Tildelt 2010	kr	7 142 000
Rekneskap 2010	kr	8 052 000
Meirutgift	kr	910 000

### Utgifter meirverdiavgiftskompensasjon

#### Post 70 Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar

Tildelt 2010	kr	392 323 000
Rekneskap 2010	kr	392 323 000
Meir-/mindreutgift	kr	0

#### Post 82 Meirverdiavgiftskompensasjon til idrettsanlegg, kan overførast

Tildelt 2010	kr	49 680 000
Rekneskap 2010	kr	49 680 000
Mindreutgift	kr	0

### Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar

#### Post 02 Gebyr lotteri

Løyving 2010	kr	4 540 000
Rekneskap 2010	kr	7 250 000
Meirinntekt	kr	2 710 000

#### Post 03 Refusjon

Løyving 2010	kr	39 835 000
Rekneskap 2010	kr	40 152 000
Meirinntekt	kr	317 000

#### Post 04 Gebyr stiftelsar

Løyving 2010	kr	235 000
Rekneskap 2010	kr	333 000
Meirinntekt	kr	98 000

#### Post 07 Inntekter ved oppdrag

Tildelt 2010	kr	7 000 000
Rekneskap 2010	kr	8 014 000
Meirinntekt	kr	1 014 000


#### Post 71 Årsavgift stiftelsar

Tildelt 2010	kr	18 404 000
Rekneskap 2010	kr	17 879 000
Mindreinntekt	kr	525 000

#### Tilsette:

Ved utgangen av 2010 hadde vi 63 fast tilsette. Det er 5 meir enn for eitt år sidan, og hovudårsaka er oppbygginga av teamet for moms kompensasjon. Vi har eit fleirtal kvinner i organisasjonen, 52 pst. Ved utgangen av året var det 1 person i engasjement.









**Lotteri- og  
stiftelsestilsynet**

Storehagen 1b  
Postboks 800, 6805 Førde  
Telefon 57 82 80 00 Telefax 57 82 80 80  
postmottak@lottstift.no

GRAFISK FORMGJEVING / Inform Media, Førde

